

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	24.10.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1513	17/12250

### Kulturminneplan - høyring

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Formannskapet vedtok i møte 7. september sak 048/2017 å leggja kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 ut på høyring og offentlig ettersyn.

##### Vurdering

Det er eit ynskje frå Riksantikvaren å styrka kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne. Dei har difor definert ei målsetjing om at 90 % av kommunane skal ha ein kulturminneplan innan 2020. I tråd med dette er det stadig fleire statlege og fylkeskommunane tilskotsordningar som stiller krav om at kommunen har vedteke ein kulturminneplan og prioritert kulturminna i kommunen for at det skal løyvast tilskot til restaurering av kulturminne i kommunen. Riksantikvaren har gjeve tilskot til planarbeidet.

Kulturminneplanen inngår i kommunen sin planstrategi som vart vedtatt hausten 2012 (KS-079/12). I samsvar med planstrategien har kulturminneplanen status som temaplan. For at flest mogleg skal få høve til å koma med innspel i planprosessen, har planarbeidet i denne planen likeveld følgd prosesskrava i plan- og bygningslova som gjeld for kommunedelplanar.

I møte 14. oktober 2014 sak 062/2014 vedtok formannskapet oppstart av planarbeidet. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 29. januar 2015 i sak 009/2015.

Det har vore sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som har hatt ansvar for gjennomføring av planarbeidet. Formannskapet har vore styringsgruppe for planen. Kulturverntenesta i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune har bidratt med å skaffa data og kvalitetssikra opplysningar. Lag og organisasjonar og lokalkjende personar har også vore bidragsytarar og delteke på synfaringar. Arne Høyland har vore engasjert til kulturminneregistrering, og fleire frivillige har delteke med å registrera kulturminne. Planarbeidet har vore presentert for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for sogelaget og frivilligsentralen i løpet av prosessen. Det har vore arrangert to opne kulturminnekveldar.

Målsetjingane for planen:

- leggja grunnlaget for at dei viktigaste kulturminna vert tatt vare på

- setja kulturminnevern på dagsordenen.
  - skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning ved at den vert nytta i all arealplanlegging og byggesakshandsaming.
  - skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne.
  - auka kunnskapen om og interessa for kulturminne.
  - synleggjera potensiale for bruk av kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga og til næringsføremål.
- gjennom viktige kulturminne formidla Radøy si historie på ein god måte.

I tråd med ynskje i styringsgruppa er det lagt særleg vekt på formidling, både i utforminga av planen og i tiltaksdelen i handlingsplanen.

Planutkastet har tre hovuddelar. Første del fortel om planen, planarbeidet, føringar som ligg til grunn for planen. Denne delen omhandlar også kriterium for verdisetjing og prioritering av kulturminne og om forvaltning av kulturminna i kommunen. Andre del gjev først eit kort overblikk over historia til kommunen og byggeskikken i området. Her vert også ein del viktige omgrep som vert nytta seinare i planen forklart. Vidare omhandlar denne delen ulike typar kulturminne etter tema, og ein presentasjon av dei kulturminna med høgast kulturminneverdi. Manger, som har vore administrasjonssenter i mange hundre år, er omhandla i eit eige kapittel i denne delen. Tredje del er handlingsplanen som viser korleis kommunen skal arbeida med kulturminnevern i åra framover og kva for tiltak som skal prioriterast i planperioden. Handlingsplanen skal rullerast årleg. Som vedlegg til planen er listene over dei viktigaste kulturminna. Desse listene vert kontinuerleg oppdaterte og rullerte årleg.

## **Konklusjon**

Rådmannen ber Råd for menneske med nedsett funksjonsevne om å koma med uttale til planutkastet.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 015/2017**

#### **RMNF - handsaming:**

Rådgjevar kultur Bente K. Hervik orienterte om planen og svara på spørsmål. Planen omhandlar faste kulturminne og har ein eigen handlingsdel med konkrete tiltak. Det er gjort ei verdisetjing av kulturminna i planen, rangert i a, b og c-kategori. Handlingsplanen og kategoriane skal rullerast årleg. Kulturminne som er prioriterte vil lettare få offentlege tilskot.

Formidling har ein sentral plass i kulturminneplanen. Rådet peikar på at det er gjort eit veldig godt arbeid med planen, og er opptatt av at planen må ut til flest mogleg.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar kulturminneplanen slik han ligg føre.

#### **RMNF - vedtak:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar kulturminneplanen slik han ligg føre.

**Vedlegg:**

Kulturminneplan - høyring

Heile planen\_til høyring